



Vår dato: 22.05.2025

Vår ref.: 202224744-14 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om konsesjon til bygging av Geitelvi kraftverk i Voss herad, Vestland fylke

NVE har fått inn ein søknad frå Njord Energi Holding AS om løyve etter vassressurslova til bygging av Geitelvi kraftverk, samt søknad om løyve etter energilova til å bygge ein om lag 70 meter lang jordkabel for å knytte kraftverket til nettet. Søknadane blir no sende på høyring med høyringsfrist **01.08.2025**.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått inn ein søknad frå Njord Energi Holding AS, datert 07.04.2025, om løyve etter vassressurslova til bygging av Geitelvi kraftverk. Geitelvi kraftverk vil nytte eit fall på 251 meter frå inntak på kote 275 til kraftstasjon på kote 24. Vassvegen vil bestå av eit 1300 meter langt borehol i fjell og ei nedgraven rørgate på om lag 250 meter. Kraftverket er rekna å ha ein installert effekt på 6,5 MW med ein årleg middelproduksjon på 17,3 GWh. Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova.

I tillegg blir det søkt om løyve etter energilova § 3-1 til ein 70 meter lang 22 kV jordkabel fram til ein nettstasjon som er eigd av Tendranett AS.

Søknadar med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/8975/V.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer å få inn synspunkt på planane som er presenterte i søknadane. NVE ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Me ønskjer også grunngjevne forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet. I tillegg ber me om eventuelle kommentarar til om søknadane gjev tilstrekkelege opplysningar om verknadene av tiltaket. Alle som har meiningar om saka, kan sende inn fråsegn.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/8975/V)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202224744 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202224744 i emnefeltet, og oppgje namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **01.08.2025**

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller eit samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Til kommunen

Me ber Voss herad om å informere om saka på nettsidene sine og ev. sosiale medium.

Med helsing

Hanne Tjøflot

førstekonsulent

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

Vossovassdragets forvaltningslag
STATENS VEGVESEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
STATNETT SF
TELIA NORGE AS
TELENOR NORGE AS
BKK AS
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
Mattilsynet
BERGEN OG HORDALAND TURLAG
Voss Utferdslag
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland
VOSS JEGER OG FISKARLAG
Voss Naturvernlag
BANE NOR SF
Norsk Friluftsliv
TENDRANETT AS
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE - Sveinung Klyve
VOSS HERAD

Kopimottakarliste:

NJORD VANNKRAFT AS
NJORD VANNKRAFT AS - JON OLAV VOLDEN